

Program våren 2010

Årsmøte 20. januar 2010



Leiar i Noregs mållag Håvard B. Øvregård informerer oss om aktuelle mållagssaker etter at sjølve årsmøtet er avslutta. Vi vil gjerne utfordre han på kva Noregs Mållag kan gjere for å stø arbeidet i vårt eige lag. Enkel servering m/kaffi, te og kaker.

Stad: Bekkestua bibliotek. Tid: 20.januar 2010 kl. 18.30

Årsdagsfeiring 7. mars 2010



Journalist og historikar Arnhild Skre kjem for å fortelje oss om forfattar Ragnhild Jølsen. Skre har nyleg gitt ut biografien "La meg bli som leoparden" om denne særmerkte forfattaren.

7. mars er stiftingsdagen til Bærum Mållag, og fram til 100-årsjubileet i 2012 vil vi markere dagen kvart år med festleg lag, god mat og spanande program.

På stiftingsdagen i år samlast vi til foredrag og søndagsbuffet på Artista Kafe på Kadettangen i Sandvika kl. 17.00. Dette kostar 300,- kr med foredrag og mat. Send ein e-post til ldun.stokka@gmail.com eller sms /ring til 91 55 49 39 dersom du ønskjer å vera med. Det er bare 30 plassar her så det lønar seg å vera tidleg ute.

Program hausten 2010



Bærum Mållag er også i år med på byfesten i Sandvika. Laurdag 28. august set vi opp språkbua vår i gågata. Det vil bli kåring av bærumsordet og heilt sikkert sal av språklappar.

Hausten 2010 markerar vi også den europeiske språkdagen 26. september med søndagstur i Bærumsmarka. Vi legg inn allsidig program undervegs og avsluttar med ein hyggeleg piknik. Følg med på nettsidene våre <http://www.nynorsk.no/ml/baerum/> for nærare program.

Velkomen til møte om mangt i Bærum Mållag!